



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Møterom Sunnfjord – Rådhuset  
**Dato:** 04.06.2026  
**Tid:** Kl. 14:00 - 16:30

---

**Følgande medlemmer møtte:**

Håkon Myrvang  
Kari Valle  
Sara-Marie Horsevik  
Anne Lilleaasen  
Steinar Kvame  
Jenny Følling  
Oddmund Klakegg  
Atle Hamar  
Gunn Merete Paulsen

**Parti:**

Ap  
Ap  
Ap  
H  
H  
Sp  
Sp  
V  
V

**Forfall:**

Tore Fossen  
Åsmund Berthelsen

**Parti:**

H  
SV

**Møtande varamedlem:**

Marcin Fojcik  
Eldrid Skudal

**Parti**

KrF  
SV

**Andre:**

Kristine Steindal  
Kurt Even Andersen  
Lise Mari Haugen  
Malin Solheim Moldestad  
Odd Harry Strømsli  
Trond Ueland  
Åge Ansgar Stafsnes

kommunalsjef barnehage  
kommunalsjef helse og sosial  
assisterande kommunedirektør  
rådgjevar  
einingsleiar  
einingsleiar  
kommunalsjef skule

**Møteleiar:** Jenny Følling

**Godkjenning av protokollen:**

---

Jenny Følling

---

Sara-Marie Horsevik

---

Eldrid Skudal

*Protokollen er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.*

## Sakliste

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>                                                                                    |
|----------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 107/26         | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                |
| 108/26         | Klage på vedtak om dispensasjon - Detaljregulering<br>Elvevegen - gbnr.61/45                         |
| 109/26         | Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon -<br>Kommuneplan Arealdel 2024-2035 - gbnr. 9/10 |
| 110/26         | Sluttbehandling - Detaljregulering Skyttarkvia 15                                                    |
| 111/26         | Utkast til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel med<br>arealstrategi 2026 - 2032                  |
| 112/26         | Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026                                                   |
| 113/26         | Referatsaker                                                                                         |
| 114/26         | Orienteringar og spørsmål                                                                            |

## **107/26: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Ordføreren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen:

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

Det var ingen merknader til innkallinga eller saklista.

Ordføreren fremja følgande til å godkjenne protokollen:  
Sara-Marie Horsevik og Eldrid Skudal

### **Einstemmig vedtak**

#### **FORM- 107/26 Vedtak:**

Innkalling og sakliste blir godkjent.

Følgande blir valde til å godkjenne møteprotokollen: Sara-Marie Horsevik og Eldrid Skudal

## **108/26: Klage på vedtak om dispensasjon - Detaljregulering Elvevegen - gbnr.61/45**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek ikkje klagen frå Sameiget Hafstad 27A, som gjeld avslag på dispensasjon til nye parkeringsplassar til følgje.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjering.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

Formannskapet gjennomførte synfaring i saka.

I samsvar med etablert praksis vart saka **einstemmig utsett** til neste møte.

#### **FORM- 108/26 Vedtak:**

Saka vart utsett.

### **Behandling i Formannskapet 20.05.2026:**

#### **Endringsforslag fra Høgre, fremja av Anne Lilleaasen (H):**

Saka blir utsatt, og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

#### **Avstemming om utsetting:**

Høgre sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

#### **FORM- 102/26 Vedtak:**

Saka blir utsatt, og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

## **109/26: Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon - Kommuneplan Arealdel 2024-2035 - gbnr. 9/10**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Klagen frå Sunnfjord Entreprenør AS, på vegner av Norodd Holsen, datert 28.04.2026, vert ikkje teken til følgje, jf. plan- og bygningslova § 19-2 og forvaltningslova § 34.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

#### **Utsetting, fremja av Oddmund Klakegg (Sp):**

Saka vert utsett og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

Tiltaket er gjennomført for 15-20 år sidan under anna regelverk og praksis for saksbehandling. Formannskapet ber administrasjonen undersøke om det finst ytterlegare dokumentasjon eller om det kan sannsynleggjerast at det vart gitt samtykke til tiltaket.

#### **Avstemming om utsetjing:**

Sp sitt framlegg vart **einstemmig vedteke**

#### **FORM- 109/26 Vedtak:**

Saka vert utsett og formannskapet gjennomfører synfaring før ny behandling.

Tiltaket er gjennomført for 15-20 år sidan under anna regelverk og praksis for saksbehandling. Formannskapet ber administrasjonen undersøke om det finst ytterlegare dokumentasjon eller om det kan sannsynleggjerast at det vart gitt samtykke til tiltaket.

## **110/26: Sluttbehandling - Detaljregulering Skyttarkvia 15**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Skyttarkvia 15 plankart datert 26.02.2026 og føresegnar revidert 13.05.2026, i samsvar med pbl § 12-12.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

#### **Avstemming:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vart **einstemmig tilrådd**

#### **FORM- 110/26 Vedtak:**

Sunnfjord kommune vedtek detaljregulering Skyttarkvia 15 plankart datert 26.02.2026 og føresegnar revidert 13.05.2026, i samsvar med pbl § 12-12.

## **111/26: Utkast til høyring - Kommuneplanen sin samfunnsdel med arealstrategi 2026 - 2032**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet legg framlegg til kommuneplan for Sunnfjord – samfunnsdel med arealstrategi – ut til høyring og offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.
2. Høyringsperioden blir sett til 4 veker.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

#### **Endringsframlegg, fremja av Eldrid Skudal (SV):**

1. som kommunedirektøren
2. Høringsperioden vert satt til 10. september.

#### **Utsettingsframlegg, fremja av Jenny Følling (Sp):**

Saka vert utsett til møte 25. juni.

#### **Avstemming:**

Utsettingsframlegget vart **einstemmig vedteke**

#### **FORM- 111/26 Vedtak:**

Saka vert utsett til møte 25. juni.

### **112/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling 2026**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringane blir tekne til vitende.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

Kommunedirektøren orienterte om:

- Agenda budsjettkonferanse 11.06.2026 v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør
- Utvikling straumutgifter v/Trond Ueland, komminalsjef teknisk og miljø
- Status skuletiltak v/Åge Stafsnes, kommunalsjef skule
- Løypemelding om innsparing samfunnstenestene v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør
- Administrativ organisering v/Lise Mari Haugen, kst. kommunedirektør

Presentasjonane blir lagt inn som vedlegg i saka.

#### **FORM- 112/26 Vedtak:**

Orienteringane blir tekne til vitende.

### **113/26: Referatsaker**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene blir tekne til vitende.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

## **Einstemmig vedtak**

### **FORM- 113/26 Vedtak:**

Referatsakene blir tekne til vitende.

## **114/26: Orienteringar og spørsmål**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Orienteringa blir teke til vitande.

### **Behandling i Formannskapet 04.06.2026:**

Det vart orientert om følgande saker:

1. Mottakinga av Europa Nostra- prisen v/ordføraren
2. Konstituering av Solveig Masdal Haugsvær som personalsjef frå 18.08.2026 til 01.01.2028 v/kommunedirektøren
3. Status på tariffoppgjeret 2026: [Meklingsresultatet sendes til uravstemning - Hjem](#) v/kommunedirektøren

### **FORM- 114/26 Vedtak:**

Orienteringa blir teke til vitande.